

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 25.09.2009
 Frå: Administrerande direktør Herlof Nilssen
 Sakshandsamar: Ivar Eriksen
 Saka gjeld: **Orientering om relevante lovar, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 17.08.09 - 25.09.09**

Styresak 091/09 O

Styremøte 15.10. 2009

Administrerande direktør si orientering pkt 7

Oversikt over aktuelle nye lovar og lovendingar i perioden 17.08.09 – 25.09.09

Lov	Dato for kunngjering	Kva lova/endinga gjeld
Ikraftsetjing av lov 22.08.08 nr 74 om endingar i lov om pasientrettar og psykisk helsevernlova	25.08.09	1. september 2009 blei pasientombodsordninga utvida til å omfatte kommunale helse- og sosialtenester i tillegg til sjukehusenester. Utvidinga er meint å gjere det lettare for brukarar og pårørande å fremje sine interesser ovanfor helsesektoren.

Oversikt over aktuelle nye forskrifter og forskriftsendingar i perioden 17.08.09 – 25.09.09

Forskrift	Dato for kunngjering	Kva forskrifta/endinga gjeld
Midlertidig forskrift om utviding av personellmessig virkeområde for lov om helsemessig og sosial beredskap.	22.09.09	<p>Lov om helsemessig og sosial beredskap skal også omfatte personell som tidlegare har tenestegjort i slike verksemder som lova omfattar og særskilt kvalifisert personell.</p> <p>Forskrifta trer i kraft frå den tid departementet bestemmer. Forskrifta gjelde fram til 31. desember 2010.</p>

Oversikt over myndigheitskrav frå Helse- og omsorgsdepartementet i perioden 17.08.09 – 25.09.09

Myndigheitskrav	Dato	Kva saka gjeld
Rundskriv om ventelisterapportering til Norsk pasientregister (NPR)	26.08.09	Nytt rundskriv som erstattar tidlegare rundskriv IS-16/2005. Rundskrivet er oppdatert på fleire områder mellom anna i forhold til ventetider innan rusrelaterte og psykiske lidningar, tilpassing til prosjektet "Riktigare prioriteringar i spesialisthelsetjenesten" og for å betre rutinar ved vidaretilvisning mellom ulike einingar innan eit føretak.
Føretaksmøte i Helse Vest RHF.	09.09.09	Føretaksmøte gjaldt sak vedrørande overføring av aksjar i Norsk Helsenett AS. Føretaksmøtet gjorde vedtak om eit uttak av kapital på kr 13 094 000 frå Helse Vest RHF som blir gjort opp ved at Helse Vest RHF sine 4000 aksjar i Norsk Helsenett AS blir overtatt av eigar den 30. oktober 2009.

		Føretaksmøtet bad Helse Vest RHF sørge for at aksjene blir overførte til Norsk Helsenett SF som del av Den norske stat sitt innskott i statsføretaket 30. oktober 2009.
Brev får Helse- og omsorgsdepartementet om revidert instruks for lån til investeringar i dei regionale helseføretaka.	09.09.09	Endringane tar omsyn til omlegginga av låneordninga i 2008 der lån til investeringar nå blir løyva "over streken" dvs på kap 732.82 mot tidlegare 732.90. Vidare medfører endringane at lån nå blir konvertert to gonger per år, den 30.06. og 31.12. I tillegg er det presisert at investeringslåna ikkje kan rentesikrast i private finansieringsinstitusjonar.
Brev frå Helse- og omsorgsdepartementet.	18.09.09	Presisering av virkeområdet for forskrift om akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus og kartlegging av i kva grad dei regionale helseføretaka vil kunne oppfylle forskrifta sine krav til bemanning innan 1. april 2010.